



Saksbehandlar: Elisabet Kjerstad Bøe, Plan- og samfunnsavdelinga  
 Sak nr.: 15/11642-3

## **Rullering av handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår Fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for klima og miljø 2016 – 2017.
2. Rapportering på tiltaka og rullering av handlingsprogrammet vert gjort i 2017.
3. Tiltak frå handlingsprogrammet skal vurderast i arbeidet med andre regionale planar.
4. Tiltak frå handlingsprogrammet som krev ekstra løyvingar må ev. vurderast i budsjettprosessane.
5. Fylkesrådmann får mandat til å organisere oppfølging av vedteke handlingsprogram

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**Vedlegg:**

1. Framlegg til nytt handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017
2. Samla rapportering på handlingsprogram for klima og miljø 2014-2015

**Andre dokument:**

Fylkesdelplan for klima og miljø frå 2009

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkesdelplan for klima og miljø vart vedteke i fylkestinget i mars-09. Gjeldande Handlingsprogram 2014 – 2015 vart vedteke i fylkestinget i oktober 2013. I samband med regional planstrategi 2012 – 2016 (sak 11/537 – 7) vedtok Fylkestinget at sjølv fylkesdelplanen ikkje skulle rullerast i denne planperioden, men at ein skulle få eit nytt handlingsprogram frå 2016-2017. Eventuell rullering av fylkesdelplanen må handsamast gjennom framlegg til ny regional planstrategi for 2016-2020.

Fylkeskommunen gjennomførte i 2010-2012 eit FoU – prosjekt i samarbeid med Vestlandsforskning kalla «Klimaindikatorprosjektet». I 2011 vart det òg gjennomført ein forvalningsrevisjonen på området miljø og energi. I tråd med tilrådingane både frå klimaindikatorprosjektet og forvaltingsrevisjonen vert det i framlegget til nytt handlingsprogram for 2016-2017 lagt hovudvekt på tiltak der fylkeskommunen sjølv har direkte eller indirekte verkemiddel i klimaarbeidet.

Handlingsprogrammet konkretiserer korleis fylkeskommunen kan ta ei rolle innanfor område som innkjøp, kollektivtransport og bygg. Det synleggjer òg korleis fylkeskommunen kan bidra til eit berekraftig samfunn og samstundes peike på utfordringar og mulegheiter for næringsliv, kommunar og andre aktørar.

I fylkesdelplanen for klima og miljø frå 2009 er ikkje dei overordna måla for utsleppsreduksjon operasjonaliserte på sektor nivå. Når det gjeld handlingsprogrammet er det vanskeleg å

kvantifisere dei enkelte tiltaka sine bidrag til å nå desse måla. Rett nok er det lettare å talfeste nokon klimakonsekvensar enn andre, t.d. energiforbruk i bygg og utslepp frå kollektivtransport. På andre område er ein derimot avhengig av å nytte indikatorar for å måle effekten. I rulleringa har ein teke utgangspunkt i klimaindikatorprosjektet sine tilrådingar for å sikre at dei enkelte tiltaka i størst mogleg grad er målbare. Det er samtidig ikkje muleg å seie noko om eller kvantifisere den totale effekten av fylkeskommunen sitt arbeid med klima og miljø.

## **2. Rulling av handlingsprogrammet – intern og ekstern prosess**

Den tverrfaglege gruppa for oppfølging av klimaarbeidet i fylkeskommunen har arbeidd med rapportering på tiltaka i gjeldande handlingsprogram og framlegg til nye tiltak for perioden 2016-2017. Gruppa har også gjennomført ei evaluering av gjennomføring og arbeidsmetode, samt mål og samfunnseffektar i klimaarbeidet. Arbeidet har føregått i avdelingsvise møte, ein fagdag om klima og miljø, samt fleire møte i den tverrfaglege klimagruppa. Vestlandsforsking har vore engasjert som fagleg diskusjonspart. I tillegg har prosessen vore samordna med arbeidet til den interne arbeidsgruppa for regional planstrategi. Resultata frå den interne prosessen er teke inn i framlegget til nytt handlingsprogram.

Regionale aktørar som Fylkesmannen, Statens Vegvesen, NVE og Innovasjon Norge vart invitert til eit felles møte på Statens Hus 02. oktober. I forkant av møtet hadde aktørane gjort greie for sitt arbeid med tiltaka, og møtet vart brukt til å informere kvarandre om og samordne nye tiltak for perioden 2016- 2017. Tiltaka som vart spelt inn frå dei regionale aktørane er teke inn i framlegget til nytt handlingsprogram, og det er synleggjort kven som har eigarskap og ansvar for tiltaka.

I samband med rulleringa gjekk det ut brev til alle kommunane der dei vart bedne om å kome med innspel til fylkeskommunen sitt klimaarbeid og korleis kommunane kan jobbe med klima i eigen organisasjon. I tillegg vart kommunane involverte i prosessen gjennom den regionale styrings-gruppa for klimasamarbeid, der KS er medlem, og på samling med det regionale plannettverket 24. september. Stryn, Eid og Sogndal kommune har kome med skriftlege innspel, og desse er teke omsyn til i framlegget til handlingsprogram. Forslag til relevante tiltak som kan vere aktuelle å gjennomføre på kommunalt nivå er samla i ei eiga sjekkliste. Denne sjekklisten kan kommunane til dømes nytte i rulling av eigne klimaplanar og i arbeid med andre relevante kommunale planar.

Ungdomspolitisk utval vart involvert i prosessen gjennom eit eige møte 09.oktober. Innspela frå møtet vart teke omsyn til i framlegget til nytt handlingsprogram.

## **3. Rapportering på handlingsprogram klima og miljø 2014-2015**

Samla rapportering på tiltaka i handlingsprogrammet for 2014-2015 ligg som vedlegg til saka. Rapportering frå dei andre regionale aktørane er ikkje knytt til eit formelt ansvar for rapportering til fylkeskommunen om eige klima- og miljøarbeid, men er ein del av samarbeidet mellom aktørane ved at dei greier ut og gir tilbakemelding om status på eigne tiltak i perioden.

Rapporteringa for det fylkeskommunale klimaarbeidet viser at dei fleste tiltaka for perioden 2014 – 2015 anten er gjennomført eller sett i gong, men det er vanskeleg å trekke nokon konklusjonar om effekten av arbeidet i høve dei overordna måla i fylkesdelplanen for klima og miljø.

Nokre tiltak vert føresleger vidareført i det nye handlingsprogrammet, anten som dei står no, eller med oppdatert omtale av gjennomføring og med nye indikatorar for rapportering.

## **4. Nytt grunnlag for handlingsprogrammet**

Den nyaste rapporten frå FN sitt klimapanel viser at for å unngå ein global temperaturauke på meir enn 2 °C må dei globale utsleppa vera lik «netto null» innan 2100. Det vil seie at ein kan tolke små utslepp, men desse må kompenserast med binding av karbon, og 80 % av kjende reservar med fossil energi må bli verande i bakken (IPCC, 2013). Utrekningar viser at det relativt raskt må setjast i verk drastiske tiltak for å nå dette målet. Dersom ein ventar, til dømes i 10 år frå no, må ein i prinsippet redusere dei globale utsleppa med 90 % i året fram til 2050 for å klare å halde temperaturauken under 2 °C (Meinshausen et al.2009).

Sjølv om ein skulle klare å halde temperaturen nede må verda tilpassa seg store og delvis ukjende konsekvensar av klimaendringar. Den tradisjonelle tilnærminga til dette har vore å kome opp med tiltak for å beskytte samfunnet mot klimaendringar, utnytte mulehete som klimaendringar kan gje og satse på teknologiske tiltak for reduksjon av klimagassutslepp.

Klimapanelet til FN har teke til orde for ei ny tenking rundt dette, såkalla klimaomstilling, som går meir på endring av dei grunnleggande eigenskapane til eit system (IPCC, 2013).

Kunnskapsgrunnlaget peikar altså mot at det er naudsynt å setje inn omfattande tiltak, som kan endre samfunnet på systemnivå, relativt raskt. Prosessen med rullering av handlingsprogrammet har understøtta dette. Som Eid kommunes skriv i sitt innspeil:

*«(Det har)...skjedd radikale endringar i klimakunnskap og klimapolitikk både nasjonalt og internasjonalt. Fokus er endra frå «gradvis reduksjon» til full utfasing av fossil energi i alle sektorar innanfor ein relativt kort tidshorisont, med innfasing av nullutsleppsløysingar overalt der det er mogleg».*

I tillegg gjev både klimaindikatorprosjektet (2010-2012), forvaltingsrevisjonen for energi og miljø (2011) og vedtaket i Hovudutval for plan og næring (sak 5/15) innspeil til korleis fylkeskommunen, innanfor sine rammer og verkemiddel, kan bidra til denne klimaomstillinga.

Mellom anna vart det tilrådd i forvaltningsrevisjonen at fylkeskommunen «vurderer korleis ein i endå større grad kan nytte nettverka ein samarbeider i for å nå ut til større og mindre private verksemder», samt at fylkeskommunen «vurderer korleis ein kan gå fram for å inngå meir forpliktande avtalar knytt til gjennomføring av tiltak, både internt i fylkeskommunen og ovanfor andre aktørar». Det vert her lagt vekt på nettverk og forpliktande samarbeid på tvers av fagområde og sektorar.

I rulleringa av handlingsprogrammet har ein difor jobba med å konkretisere korleis fylkeskommunen kan vere pådrivar for gode klimatiltak innanfor sine ansvarsområde, som eigne bygg og kollektivtransport, og samstundes involvere næringslivet, kommunane og andre partar. Eitt døme er ei kartlegging som er gjort av ei lokal maritim nullutsleppsverdigjede med utgangspunkt i hydrogen som energiberar. I denne analysen har ein sett på dei teknisk-økonomiske muligheten for å etablere ei lokal verdigjede, der det vert produsert hydrogen av fornybar energi i fylket, som til dømes kan nyttast som drivstoff i maritime framdriftssystem. Arbeidet har føregått både i dei 10 bedriftene som har delteke i kartlegginga, i form av informasjonsseminar og nettverksmøter, og internt i fylkeskommunen som ein del av å hente inn kunnskap i klima- og næringssarbeidet.

På bakgrunn av alt dette, er det i tillegg til rulleringa av dei ordinære sektortiltaka, tatt inn i handlingsprogrammet framlegg om nokre større, tverrfaglege satsingar som kan forsterke rolla til fylkeskommunen i å bidra til klimaomstillinga. Ein føresetnad for setjast i verk desse tiltaka, er at det vert stilt naudsynte økonomiske ressursar til rådvelde. Desse satsingane skal følgje dei vanlege budsjettprosessane, og kan grunnfinansierast av fylkeskommunen dersom dei samla økonomiske rammene og personalressursane er på plass. Gjennomføringa av satsingane vil krevje ekstern finansiering i tillegg, samt involvering av partnarskapen til fylkeskommunen eller andre aktørar som kan bidra til måloppnåing i prosjekta.

Samla vil det nye handlingsprogrammet representera eit meir konkret og fokusert arbeid med klima og miljø, og kan bidra til at fylket på relativt kort sikt kan posisjonere seg i eit «grønt skifte».

## **5. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at utkast til Handlingsprogram klima og miljø for 2016 – 2017 vert vedteke slik det ligg føre.

Handlingsprogrammet fører vidare praksisen med å gje ei oversikt over tiltak knytt til dei ulike fylkeskommunale sektorane og tiltak knytt til andre regionale aktørar med vesentlege roller i arbeidet med klima og miljø.

I tillegg har fylkesrådmannen lagt inn framlegg til tverrgåande prosjekt som i større grad utfordrar fylkeskommunen og andre aktørar i å ta ein meir tydeleg posisjon i dei omstillingsprosessane samfunnet må gjennom. Fylkesrådmannen er innforstått med at det er naudsynt med ekstra ressursar for å kunne gjennomføre desse prosjekta, og meiner difor desse ev. må vurderast nærmare i den ordinære budsjettprosessen.

**... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑**